

## Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 26.10.2021

**Sigrid Brattabø Handegard** stilte spørsmål kring eiga habilitet, då ho er tilsett i Bremnes Seashore.  
**Terje Søviknes** stilte spørsmål kring eiga habilitet, då han er rådgjevar for eit oppdrettsanlegg.  
Brattabø Handegard og Søviknes gjekk frå under vurderinga. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at Brattabø Handegard og Terje Søviknes var habile. Brattabø Handegard og Søviknes tiltredde sakshandsaminga.

**Tor André Ljosland (KrF)** sette fram slikt forslag på vegner av Ap, MDG, Sp, SV, V og KrF:

«Alternativ punkt 1

Vestland fylkeskommune ønsker en avgrenset prøveordning med både skjematisk og rullerande maksimalt tillat biomasse (RMTB) under føresetnad av at prøveordninga vert innretta slik at den ikkje fører til auka miljøbelastning eller redusert fiskevelferd.»

**Mark Taylor (MDG)** sette fram slikt forslag på vegner av Ap, MDG, Sv og V:

«Alternativ punkt 3:

Vestland fylkeskommune forventar at ordninga vert innretta slik at aktørar som har felles biomassetak mellom produksjonsområdet kan delta viss dei seier frå seg denne moglegheita under prøveperioden.»

**Johannes Myklebust Bysheim (Ap)** sette fram slikt forslag på vegner av Ap og SV:

«Tilleggsforslag 1:

For å bidra til meir verdiskaping i Norge vil VLK rå til at berre oppdrettarar med avtale om foredling i Norge få delta i forsøksordninga tilsvarende det volum som går til foredling i Norge.»

**Johannes Myklebust Bysheim (Ap)** sette fram slikt forslag på vegner av Ap og SV:

«Tilleggsforslag 2:

For å redusere det negative miljøavtrykket bør tillatingane i den nye miljøteknologiordninga verta prioritert til å delta i prøveordninga.»

### Avrøysting

Ljosland sitt forslag til punkt 1 vart vedteke mot 3 røyster (U, Frp) for innstillinga.  
Innstillinga punkt 2 vart samrøystes vedteke.  
Innstillinga punkt 3 vart vedteke mot 6 røyster (Ap, MDG, Sv, V) for Taylor sitt forslag til punkt 3.  
Innstillinga punkt 4 vart samrøystes vedteke.  
Bysheim sitt tilleggsforslag 1 vart vedteke mot 7 røyster (U, FrP, H, KrF).  
Bysheim sitt tilleggsforslag 2 fekk 5 røyster (Ap, MDG, Sv) og fall.

### Innstilling

1. Vestland fylkeskommune ønsker en avgrenset prøveordning med både skjematisk og rullerande maksimalt tillat biomasse (RMTB) under føresetnad av at prøveordninga vert innretta slik at den ikkje fører til auka miljøbelastning eller redusert fiskevelferd.
2. Vestland fylkeskommune tilråvalet av makstak då denne ordninga legg opp til å redusere dei biologiske utfordringane.
3. Vestland fylkeskommune forventar at ordninga vert innretta slik at aktørar i heile landet kan delta uavhengig av farge på produksjonsområde og om verksemda har fellesbiomassetak mellom produksjonsområda.
4. Vestland fylkeskommune krev at tildelingsaker etter akvakulturlova vert handsama av fylkeskommunane.
5. For å bidra til meir verdiskaping i Norge vil VLK rå til at berre oppdrettarar med avtale om foredling i Norge få delta i forsøksordninga tilsvarende det volum som går til foredling i Norge.

